



Ein handelsreisande i død

Per Fugelli
Journalen
Universitetsforlaget, 2013
268 sider

Professor i sosialmedisin Per Fugelli gav i 2010 ut boka «Døden skal vi danse?» som handla om korleis forfattaren opplevde å få alvorleg kreftsjukdom i 2009. Han reflekterte då over kva plass døden har fått i vårt moderne samfunn og han fortalte om sitt møte med helsestenesta. Hans nye bok «Journalen» følgjer Fugelli vidare frå våren 2010, idet han er nyoperert og kreftfri, og fram til mars 2013. Boka inneheld ein personleg journal, ein sosialmedisinsk journal og ein journal som rapporterer om helsetenesta sin helsetilstand – alle nedteikna som daterte, personlege dagboknotatar. Til slutt, som eit appendiks, følgjer ein kopi av Per Fugelli sin eigen medisinske journal frå Oslo Universitetssjukehus. Forfattaren sine eigne dagboknotater står i skarp kontrast til den nøkterne, objektive og tekniske forma som den medisinske journalen har. Må det vere sånn? Nei, meiner Fugelli.

Han tek til orde for at pasienten sjølv skal kunne skrive i sin eigen medisinske journal, slik at pasienten si eiga stemme blir høyr. Slik kan legen få høve til å oppdage ting av medisinsk verdi som ikkje kjem fram på andre måtar. Legen treng også å bli minna på at den sjukdomsfortolkinga som den objektive medisinske journalen inneheld, berre er ein liten del av den sjukdomsopplevinga som pasienten har.

I boka følgjer vi professoren på reise rundt om i landet, som føredragshaldar. Døden er hans agenda. Han er ikkje framand for å vere kritisk til sitt eige prosjekt: «Jeg har blitt en handelsreisende i død. Har jeg gjort døden triviell?» Korleis samfunnet og helsetenesta handterer den alvorleg sjuke, den døydande og døden er eit sentralt tema i boka. Vi treng ei ny *Lov om folkedød*, seier han humoristisk. At sjukdom og død er unngåeleg i menneskelivet blir underslått i samfunnet vårt, meiner forfatteren. Han hyller vårt rettferdige helsevesen og alle dei dyktige fagfolka han har

møtt, men gjentek den kraftige kritikken av systemet vi har skapt som tillet at han i løpet av eit og eit halvt år med alvorleg kreftsjukdom møter 37 forskjellige eingongslegar, der ingen brukte meir enn seks minutt på konsultasjonen. Systemet tingleggjer pasienten. «Den personlege legen er død i norske sykehus,» hevdar han. Han har langt på veg rett, trur eg. Utviklinga er øydeleggjande for den tillit som er nødvendig for at pasienten skal føle seg ivaretatt, meiner den profilerte sosialmedisinareren.

Fugellis tekst er krydra med eigne forteljingar frå livet sitt, om samver og reiser til Røst, Jæren og Marokko med den nære familien, skildringar frå nærmiljøet hans på Tøyen, møte med vanlege folk på reiser rundt om i landet, ispedd eigne refleksjonar, visdomsord, sitat frå verdslitteraturen og utdrag frå dikt som utdjuper og utfyller tematikken. Dei viktigaste bodskapa vert gjentekne med jamne mellomrom gjennom boka; at helse vert skapt utanfor helsevesenet, i form av verdighet, handlingsrom, tilhørighet, meining, tryggleik; at du skal bry deg om flokken din - ikkje vere eit eittal på jorda; at vi må ta døden tilbake, godta at den finst. Dette litterære verket opplever eg som ei styrke ved boka. Fugelli hamrar det inn, det viktigaste han vil formidle. Han framstår innimellom som ein emissær på vegne av den gode sak – og det i positiv forstand!

På sitt svakaste er Fugelli når han vert for politisk, etter mitt syn. Hans kritikk av Framstegspartiet er sterk – mykje med rette. Hans resept er raud. Men han knyt det gode ved den norske velferdsstaten alt for tett opp til ei viss politisk retning, eit politisk parti. Dette svekkar det allmenngyldige ved bodskapen hans, meiner eg. Den politiske agitasjonen kunne han med fordel ha tona ned, i staden står han i fare for å skyve folk unna.

Hans begeistring for kvardagsmennesket, den middelmådige, Ivar Aasens «mellom jamningar trivast eg best» har eg sansen for. Men også her har Fugelli ein tendens til å ta det for langt. I alt for stor grad omtalar han med forakt dei som utmerkar seg, dei som presterer noko utanom det vanlege, den såkalla eliten. Å sjå Petter Northug vinne OL-gull på ski, Usain Bolt sette verdsrekord på 100 meter. Sjølv om eg ikkje er ein atlet sjølv, så har eg stor glede av å sjå at andre med talent utmerke seg, prestere. Det betyr ikkje at eg foraktar det svake. Meiner Fugelli at vi berre skal ha plass til dei middelmådige? Per Fugelli sjølv er heller ikkje noko gjennomsnittsmenneske. Er ikkje han usedvanleg god til å takle sjukdom og lidning? Han er i toppen når det gjeld å meistre kreft, rett og slett! Har han tenkt på korleis andre med kreft opplever det, dei som ikkje meistar kreften, som går under av sjølvmedlidenheit og smerte idet dei får ein alvorleg, dødeleg sjukdom?

Fugelli har likevel eit poeng når han stiller diagnosen på samfunnet vårt, ein framvekstande tendens i det moderne Noreg, der vi i større grad enn før dyrkar perfektjon, einarane, og at vi har fått eit mykje større gap mellom dei som lukkast og dei som ikkje meistarar – og i det ligg det også eit større stigma.

Vi følgjer forfattaren fram til mars 2013, i arbeid, i samveret med familien, som medieaktør og rikssynsar, som pasient, han får etterkvart metastaser av sin kreft til lungene, og må vente i månadsvis på at dei små svulstane skal bli store nok for at dei – kanskje – kan opererast vekk. Han lever på lånt tid. Eg håpar at «Journalen» ikkje blir forfattaren si siste bok. Den er lesverdig, humoristisk og tankevekkande. Per Fugelli er ei viktig stemme i det offentlege Noreg og eg håper at han blir hos oss ei god stund til.

Stay alive, Per!

Lisbeth Homlong